

## Skjemainformasjon

Skjema	Søknadskjema ABM-utvikling (nynorsk)
Referanse	289482
Innsendt	08.10.2009 13:28:02

## Opplysningar om søkjar

Søkjar	
Namn på organisasjonen	Musea i Sogn og Fjordane
Leiar for institusjonen	Anne-Marie Førde
Postadresse	Gota 16
Postnummer / Poststad	6823 Sandane
Tlf. til organisasjonen	57866122
Kontaktperson for prosjektet	Liv Byrkjeland
Tlf. til kontaktperson	99267670
E-post til kontaktperson	liv.byrkjeland@dhs.museum.no
Nettstad	<a href="http://www.skulestova.no/">http://www.skulestova.no/</a>
Org. Nr	994 179 136

## Opplysningar om prosjektet

Prosjekt

Søknaden gjeld Møteplassar for kunnskaps- og kulturformidling

- ☒ prøver ut nye former for kommunikasjon og formidling i eit abm-perspektiv
- ☒ skaper attraktive fysiske og digitale møteplassar og gjerne kombinerer desse
- ☒ vektlegg dialog, brukarmedverknad og sosiale teknologiar
- ☒ stiller spørsmål og sporar til debatt
- ☒ er ein del av nasjonale satsingar som t.d. Digitalt fortalt

Tittel på prosjektet Tidslinje for Sogn og Fjordane - på duk og data

Samandrag av prosjektet

ABM - Sogn og Fjordane og Musea i Sogn og Fjordane vil i dette prosjektet prøve ut nye former for kommunikasjon og formidling gjennom samarbeid om å lage ei tidslinje frå istida og fram til i dag. Tidslinja skal lagast både digitalt og trykkast på duk. Dei fem musea i den konsoliderte eininga Musea i Sogn og Fjordane vil vere ansvarleg for innhaldet, og ABM Sogn og Fjordane for den tekniske utviklinga og koordinering av arbeidet. Det faglege innhaldet skal reflektera eit abm- perspektiv.

Prosjektomtale

BAKGRUNN

Prosjektet er eit pågåande samarbeid mellom dei fem einingane i Musea i Sogn og Fjordane (Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord folkemuseum, Sunnfjord Museum, Kunstmuseet i Sogn og Fjordane, De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum) og ABM Sogn og Fjordane.

Formidlarar på dei fire kulturhistoriske musea har allereie samarbeida om å lage ei tidslinje på duk for å visualisere tidsaspektet som ofte er vanskeleg å oppfatte. I tillegg viser tidslinja samanhengen mellom natur- og kulturhistoria, og knytter utviklinga i verda til hendingar i Noreg og Sogn og Fjordane. Duken vart laga for tidsperioden frå 10 000 år sidan og fram til dags dato. Tidslinja har vore i bruk i mange skuleopplegg etter at den vart produsert i 2008, og har blitt svært populær. Tidslinja er svært fleksibel, og kan knytast til dei fleste skuleopplegg på både naturhistoriske og

kulturhistoriske tema. Vi står no framfor trinn 2, som er å lage tidslinje for perioden 1500 - i dag som er den perioden der alle musea har hovudtyngda av samlingane sine, og som det finst mest kjeldemateriale ifrå. I tillegg er det trong for å gjere informasjonen tilgjengeleg på Internett. Slik kom ideen om å lage ei digital tidslinje med meir informasjon som vil vere tilgjengeleg for alle. Denne søknaden gjeld finansiering av trinn 2, tidslinja på duk frå 1500-i dag og den digitale tidslinja.

#### NYTT ABM-PERSPEKTIV

I Sogn og Fjordane har arkiv, bibliotek og museum erfaringar med samarbeid om digital formidling til skuleverket til dømes samarbeidsprosjektet [www.skulestova.no](http://www.skulestova.no). Gjennom innhaldsproduksjon med tidslinje som formål ønskjer me å få ei meir heilskapleg kulturformidling der ressursar frå dei ulike institusjonstypane vert tekne med. Vi ønskjer å byggja vidare på eksiterande relasjonar og Musea i Sogn og Fjordane sin formidlingskompetanse til skuleverket og røynsler med å integrere natur og kultur. I dette samarbeidet vil vi å kople saman alt dette, bruke kjeldene, samlingane og fagkunnskapen på ein ny, spennande og brukarvennleg måte.

#### MÅLGRUPPE

Skuleborn i mellomtrinn og ungdomstrinn er hovudmålgruppa for tidsaksen.

#### BRUKARMEDVERKNAD

Vi vil gjennom ei digital tidslinje kome i dialog med brukarane gjennom aktiv deltaking på nettet og la dei vera med å gi innhaldet meirverdi. Brukarane skal skal difor kunne leggje inn eigen informasjon som tekst, mulimedia og lenkjer til tidsaksen. Dessutan skal det vera ein kommentarfunksjon. ABM-Sogn og Fjordane vil sikra ei kvalitetssikring av innhaldet då tidslinja er tenkt brukt i undervisningssamanheng.

#### SPØRSMÅL OG DEBATT

Den fysiske tidslinja som skal brukast på dei fem musea vil vere eit godt utgangspunkt for debatt rundt mange tema, til dømes klimadebatten, folketalsutvikling, urbanisering, teknologiutvikling, kunst og eit utal andre tema. Tidslinja går heilt fram til 2050 og gir høve til tankar om framtida.

#### KUNNSKAPSLØFTET GRUNNLAG FOR TEMA

Sidan skuleformidling er eit viktig bruksområde for tidslinja vil gjeldande rammeplan for skuleverket gje eit grunnlag for val av tema. På den digitale aksen vil temavalet kunna utvidast.

#### LOKAL - GLOBAL

Tema skal koplast til lokale kjelder og hendingar, men mange tema vil henge saman med hendingar i Noreg og i verda elles. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Fylkesbiblioteket vil vere viktige i samarbeidet for å få fram det lokale kjeldematerialet

#### PÅ DUK OG DATA

Tidslinja skal trykkast på plastduk og inneheld to delar, ei 15m lang tidslinje frå istida til 2050 (som er ferdig laga), og ei 10 m lang tidslinje frå 1500 til i dag. Denne skal ha same oppbygging som den første og vise tidsperiodar med symbol knytt til hendingar. Venstre side av duken skal vise tidsperiodar knytt til klima og naturhistoriske hendingar som har betydning for kulturhistoria lokalt, t.d. husdyr, kulturvekstar, hendingar i verdsrommet, naturkatastrofar, utrydding av dyr m.m. Høgre sida viser kulturhistoriske tidsperiodar og fenomen. Folketal og sosialhistorie, arkitektur og stilhistorie, politiske hendingar, religion, næringsvegar og anna får sin plass her. I midten av tidslinjene er det eit ope rom med plass til gjenstandar. Musea lagar kopi av eigne gjenstandar som skal brukst i formidlinga. Det vert også brukt bilete til å legge på tidslinja.

Den digitale tidslinja skal ha ei enkel og pedagogisk oppbygging med same symbolbruk som tidslinjene på duk. Tidsspennet skal vere frå istida til i dag og synnleggjera hendingar i Sogn og Fjordane På linja skal kortfatta informasjon komma til syne, men lenkjer til fordjuping i innhald produsert gjennom tenester som Digitalt Fortalt og GeoAtlas Desse tenestene vil vera sentrale i innhald produsert av institusjonsformidlarane og også bli marknadsført ut mot brukarane i høve deira

medverknad.

Den digitale tidslinja skal byggja på open kjeldekode ( open source), ha nynorsk språk, brukarmedverknad og stetta krav til universell utforming. Me har til no ikkje klart å finna fri programvare som oppfyller våre ønskjer og det må leggast ein del ressursar i den tekniske utforminga av tidslinja. Me ønskjer at dette arbeidet kan tene som modell for andre fylker som ønskjer å gjera noko likande.

Sjå elles meir informasjon i vedlegg.

#### MÅLSETJING

- Gje betre pedagogisk tilbod for å forstå tidsperspektivet i historia
- Vise samanheng mellom klima, natur og kultur.
- Sjå samanhengar mellom hendingar som skjer verda, i Noreg og lokalt.
- Gjere historiske kjelder betre kjend og tilgjengeleg
- Auka interessa for kjeldene til kultur og naturhistorie som ABM – institusjonar forvaltar og invitera publikum til musea for å oppleve ekte natur, gjenstandar og kunst
- Fremja dialog med - og verdiskaping i samarbeid med brukarane
- Fremja ei heilskapleg kulturformidling der kjelder, ressursar og kunnskap frå arkiv, bibliotek og museum er sydd saman til det beste for brukaren.

#### ORGANISERING

ABM Sogn og Fjordane koordinerar samarbeidet i ABM-sektoren og har det tekniske ansvaret for den digitale tidslinja i tillegg til ansvar for brukarmedverknad og kvalitetskontroll.

Musea har ansvaret for det faglege innhaldet i tidslinja og lagar ny tidslinje på duk. Musea samarbeidar med arkiv og bibliotek om kjelder, og knyter det faglege innhaldet til gjenstandar i musea.

I tillegg samarbeidar både musea og ABM- Sogn og Fjordane med andre fagpersonar etter behov (internt og eksternt, t.d. frå Høgskulen i Sogn og Fjordane).

### Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato	01.08.2009
Sluttdato	15.10.2011

#### Aktivitetplaner

Tittel	Frå dato	Til dato
Arbeidsmøte - digitalt fortalt og tidslinje	18.08.2009	
Møte og samarbeid i formidlarforum - tidslinje	30.09.2009	15.10.2011
Arbeid med artikkelskriving til tidslinja	18.08.2009	
Arbeid med å lage programvare	15.02.2010	01.05.2010
Arbeid med å velje hovudtema	01.08.2009	15.02.2010
Lage symbol	15.10.2009	15.02.2010
Arbeids- og planleggingsmøte	01.11.2009	01.04.2010
Legge informasjon på nettet	01.05.2010	31.12.2010
Trykking av duk	01.08.2010	31.12.2010
Utprøving og rapportering	01.01.2011	15.10.2011

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.

## Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar? Ja

### Samarbeidspartner 1

Namn ABM Sogn og Fjordane  
Formell avtale? Nei  
Postadresse Fylkeshuset  
Postnr / Poststad 6863 Leikanger  
Kontaktperson Bjarnhild Samland  
Tlf. til kontaktperson 57656408  
E-post til kontaktperson bjarnhild.samland@sfj.no  
Rolle Koordinator for ABM-samarbeidet.  
Ansvarleg for digital tidslinje.

## Prosjektbudsjett

Prosjekt  
Eittårig eller fleirårig prosjekt? Eittårig

### BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

#### Utgifter

Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Arbeid	kr 340 000,00
Varer/utstyr	Kopi av gjenstandar	kr 80 000,00
Tjenester kjøpt av andre	Dataprogram	kr 140 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	Trykking av tidslinjeduk	kr 30 000,00
<b>Totale utgifter</b>		<b>kr 590 000,00</b>

#### Inntekter

Beskrivelse	Tilskudd bekreftet?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 220 000,00</u>
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Ja	kr 30 000,00
Eigeninnsats ABM Sogn og Fjordane	Ja	kr 80 000,00
Eigeninnsats Musea i Sogn og Fjordane	Ja	kr 200 000,00
Eigeninnsats Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	Nei	kr 30 000,00
Eigeninnsats Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane	Nei	kr 30 000,00
<b>Totale inntekter</b>		<b>kr 590 000,00</b>

### Kommentar til budsjett neste år

Tilskot frå fylkeskommunen motteke i 2009 (Lokal Agenda 21 - midlar).  
Arbeidsinnsatsen frå musea og ABM Sogn og Fjordane er stadfesta frå leiiniga, medan eigeninnsatsen frå Fylkesarkivet og Fylkesbiblioteket berre har vore diskutert i prosjektgruppa. Her vil det kome endeleg stadfesting frå leiinga i næraste framtid. Dette vert ettersendt søknaden.

- tidsakse09.ppt